

Innspel til kommuneplan

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
D: 13 SEPT 2018	
Ark. / Saksnr.	Løpenr.
17/3013	
Saksh.	Tilgangskode

Seim 4/9-2018

I forbindelse med innspel til arbeidet med ny kommuneplan for perioden 2019-2031 ønsker eg som grunneigar av 173/4 i Lindås kommune å få omgjort deler av dette bruket frå LNF til bustadformål.

Området ligg i utkanten av landbrukseigedomen min og har tidlegare vært brukt som beite. Dei seinare åra har ikkje området vært i bruk til landbruksformål.

Eg ser i planprogram for kommuneplanen sin arealdel at bustadutvikling skal skje i nærleiken av skule, barnehage, fritids- og servicetilbod. I tillegg bør planlegging av nye bustader hengje saman med hovudplan for vatn og avlaup.

Vidare opnar samfunnsdelen for å legge til rette for noko spreidd bustadbygging og mindre bustadfelt i heile kommunen.

Det området eg ønsker omgjort til bustadformål ligg nydeleg til med vestvendt og solrik sjøutsikt utover Seimsfjorden og nærområdet. Kommunal veg, vatn og kloakk ligg i grensa til området. Det er under 100 meter til busstopp og 5-600 meter i luftlinje til skule og barnehage.

Området er heller ikkje i konflikt med 100 metersbelte til sjø.

Det er få tilgjengelige bustadområder på Seim, når området ved barnehagen er ferdig vil det ikkje være fleire ledige områder igjen. Det er svært viktig at ein tar heile kommunen i bruk. Seim ligg geografisk sentralt plassert i kommunen og her er gode servicetilbod, arbeidsplasser, kultur- og idrettstilbod.

Mitt ønske er at den lite produktive delen av beitearealet kan nyttast til bustadformål i framtida. Det er bustader rundt området i dag så det vil bli ein naturleg forlenging av etablert bustader.

Det er viktig at vi tilrettelegg for framtidig bustadbygging på Seim, vist vi ikkje har bustadareal tilgjengeleg er det vanskelig for unge å få seg bustad på Seim. Ved å utnytte dette inneklekte arealet vil presset på andre LNF-områder i Seim ikkje være lika sterkt.

Mvh

Åge Stusdal

